

---

**Fra:** Post Alver byggesak  
**Sendt:** onsdag 1. april 2020 15:42  
**Til:** 'Christian.Fronsdal@multiconsult.no'  
**Emne:** Svar på spørsmål i høve frådeling - gbnr 108/161 Lindås  
**Vedlegg:** Tomtefradeling GNR 108 BNR 161.pdf; Kart - GBNR 108161 i KPA 2019-2031.pdf; Kart - GBNR 108161 i gjeldande reguleringsplan.pdf; Tomtefradeling GNR 108 BNR 161.pdf; Spørsmål vedrørende frådeling GBNR 108161.pdf

Til Christian Frønsdal

Vi viser til dykkar epost datert 21.02.2020. Vi seier oss leie for sein attendemelding.

Med omsyn til gjeldande plangrunnlag så er reguleringsplan Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad vidareført gjennom kommuneplanen sin arealdel (tidlegare Lindås kommune) vedteken 15.10.2019. Planen er omtala i tabell i kommuneplanen kapittel 4.5, av føresegna går det fram at planen er vidareført men gjeld med supplerings/endringar av kommuneplanen sine føresegner der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegn.

Plankart for reguleringsplanen gjeld.

Slik vi forstår henvendinga gjeld det i hovudsak frådeling av areal avsett som grav og urnelund i reguleringsplan, frådeling i samsvar med arealføremål vil vere uproblematisk.

Med omsyn til vegparsellen som det er ønske om å dele frå er vi usikker på kva veg de viser til. Dersom det gjeld regulert gangveg som går fram til eigedom gbnr. 108/36 område B3 på plankartet, og arealet vert frådelt til same arealføremål så vil frådeling i samsvar med arealføremål også her vere uproblematisk. Eventuell frådeling i strid med regulert føremål vil krevje at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon.

For eit meir nøyaktig svar ber vi om at det vert sendt inn kartskisse der vegen der er snakk om er markert.

Vi ber om at evt. oppfølgingsspørsmål vert sendt til [byggesak@alver.kommune.no](mailto:byggesak@alver.kommune.no).

## Med helsing

**Eilin H. Molvik** | Rådgjevar

E-post: [byggesak@alver.kommune.no](mailto:byggesak@alver.kommune.no)

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på innbyggjarservice. Informasjon om opningstider finn du på [www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/](http://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/) eller ved å ringe telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og anna dokumentasjon i saker skal sendast til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

**Fra:** Frønsdal, Christian <Christian.Fronsdal@multiconsult.no>

**Sendt:** fredag 21. februar 2020 13:21

**Til:** Postmottak Alver

**Emne:** spørsmål ang fradeling

**Vedlegg:** Tomtefradeling GNR 108 BNR 161.pdf; 108 161 i KPA 2019-2031.docx; 108 161 i gjeldande reguleringsplan.docx

**Viktighet:** Høy

Hei

På vegne av Lindås Tomteselskap AS vil Multiconsult snart sende inn fradelingssøknad for vedlagte område (parsell fra gnr. 108 bnr. 161).

Det ønskes samtidig at tilkomstvegen i 108/161 fradeles med eiga nummer, sidan dette arealet er forutsatt skal vera tilkomstveg for fleire eigedomar. **Vi ønskjer å avklara spørsmålet om fradeling med eiga nummer for tilkomstvegen med kommunen før vi sender inn søknad på fradeling.** T.O. er eigedomssjefen i kommunen informert og innforstått med denne løysinga.

T.O.: I gjeldande reguleringsplan (vedlagt utsnitt) og gjeldande KPA 2019-2031 (vedlagt utsnitt) er området noko ulikt disponert.

Med vennlig hilsen

CHRISTIAN FRØNSDAL Arealplanlegger

(+47) 95865429 | christian.fronsdal@multiconsult.no www.multiconsult.no